



PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** onsdag 30.09.09, kl 1315-1500, rom 435, HF-bygget, 4.etasje.

Til stades:	Leiar	Endre Brunstad
	LLE	Torodd Kinn
	IF	Anne-Brit Fenner
	Studentrepresentant, IL	Elin Stengrundet
	Programstyret	Nina Corinne Handing (observatør)
	Frå administrasjonen:	Erna Synnøve Kjensjord (sekretær)

I **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Merknader frå sekretær: Det vart noko tull med saksnumra i innkallinga, o-sak 5 heng saman med vedlegget som kallast o-sak 2. Sakslista si sak 6 vert i vedlegga kalla o-sak 4. Saksnumra har vorte retta opp i etterkant.

Sekretær meldte også inn ei ekstra o-sak; svaret frå HF til saka om kartlegging av praksisbesøk i lærarutdanninga (ePhorte-sak 2009/5807).

II **Godkjenning av protokoll frå møte 31.08.2009.**

Protokoll frå møte 31.08.09 vart godkjend utan merknader

III **Orienteringssaker**

1. **Dimensjonering av opptak til PPU våren 2010**

Dimensjoneringa av PPU er gjennomført og opptaket opnar 1.oktober. Religionsvitenskap har ikkje opptak denne gongen. Spørsmålet om opptak med kombinasjonen historie og SV-fag vert diskutert, men det er framleis mogleg.

2. **Ny vevside**

Lærarutdanninga ved UiB har fått si eiga nettside, www.uib.no/utdanning/laerer. Sida er heilt ny, og manglar framleis ein del informasjon. Formålet med å ha si eiga side er å synleggjere dei som arbeider med lærarutdanning, og å samle all relevant informasjon om lærarutdanninga – både for samarbeidspartnarar og potensielle søkjarar. Sida skal slik samstundes vere ei inngangsportal til den informasjonen som finst på fakulteta.

3. **Praksisbesøk – organisering og informasjon**

Det vart ikkje sagt noko meir om organiseringa av praksisbesøka no i haust, i staden diskuterte utvalet HF sitt svar om retningslinjer for praksisbesøk. HF stør programutvalet sitt høyrings svar i saka, men legg

til: "Fakultetet vil imidlertid foreslå at normen for praksisbesøk blir erstattet av minimumskrav for antall praksisbesøk i program og per lærer". Medlemma i utvalet var ikkje samde med denne delen av HF sitt svar, og meinte at det ikkje samsvarte med PUHF si tilbakemelding. Dei oppfatta difor svarbrevet som uklart. Ein burde føreslå eit maksimumstal for skulebesøk, ikkje eit minimumskrav. Leiar for utvalet vil ta dette opp med fakultetet.

4. MN-fakultetet: Samordning av undervisning på IL og PPU gjennom kurs på 5 + 10 studiepoeng

Nina Corinne Handing orienterte kort om saka, som har vorte behandla i programstyret. Dei stør forslaget om samordning av undervisning mellom IL og PPU, men vedtaket i programstyret er fatta med atterhald, til det er klart kva som skjer i saka om organisering av programstyret for lærarutdanning og programstyret for eittårig PPU.

På HF er det vanskeleg med samkjøring av IL- og PPU-emne. Det vart likevel påpeikt at det kan vere interessant med emne på 5 og 10 studiepoeng også på PPU. Utvalet vil komme tilbake til saka.

5. Didaktikkemne med undervisning for første gang våren 2010

Kjensjord orienterte om at brev har vorte sendt ut til fagmiljøa i engelsk, fransk, tysk og spansk om emne som må opprettast for integrert lektorutdanning. Nokre av emna skal gå allereie våren 2010. Emna som vert tilbydd ved HF for første gong våren 2010 er ENGDI201, NODI201, ENGDI301 og NODI302.

6. Brev om dimensjoneringsverktøy

Brunstad orienterte om saka, og presiserte at det dreier seg om eit forslag til hjelpemiddel, når det føreligg meiningar om ulik belastning i dei ulike emna. Han la likevel til at det i tillegg er viktig med meir kvalitetsorienterte vurderingsformer eller "verktøy". Anne-Brit Fenner peika på at ein ved å bruke dette kan imøtekomme studentar med konkret materiale når dei måtte klage over studiebelastninga i lærarutdanninga. Det kan vere spesielt nyttig ved nye kurs, og ved samanlikning av emna innanfor integrert lektorutdanning.

7. Nytt frå programstyret

Nina Corinne Handing orienterte om sakene frå førre programstyremøte.

IV

S09/06

Saker

Fråfall på integrert lektorutdanning

Vedtak:

PUHF ser alvorleg på at fråfallstala for integrert lektorutdanning er urovekkjande høge, særleg for kull 07.

PUHF har diskutert ulike grunnar til fråfallet, og likeins diskutert framlegg til tiltak. Det er likevel naudsynt å få meir bakgrunnskunnskap om årsaker før ein set i verk omfattande tiltak. Difor vil PUHF støtte initiativet frå Programstyret for lærarutdanning om at det så snart som mogleg vert sett i gang ei spørjegransking blant studentane på kull 07 og kull 08 om årsaker til fråfall (og ikkje-fråfall) frå lektorutdanningsprogramma, og kva studentane som sluttar, gjer etterpå. Ei slik spørjegransking må gjerast i samarbeid mellom lærarutdanningsmiljø på HF-fakultetet, MN-fakultetet og PS-fakultetet. Ein aktuell variabel i granskninga vil bl.a. vere haldningar til lektorutdanninga (i

studiemiljøet generelt), og såleis bør òg representantar for eit utval relevante fagmiljø intervjuast.

Som strakstiltak vil PUHF arrangere eit dialogmøte med studentar frå kull 07 og kull 08. PUHF vil elles engasjere seg i det arbeidet som må knytast til spørjegranskinga og anna kartleggingsarbeid. Vidare vil sekretæren i PUHF, på bakgrunn av sitt talmateriale og sine samtalar med studentar, utarbeide ein rapport med vurderingar av fråfallsproblematikken. I tillegg vil det fagdidaktiske miljøet ved HF ta opp spørsmålet om fråfall i eigne møte.

S09/07

Endringar på nordisk 200-nivå, sjette semester i integrert lektorutdanning

Vedtak:

PUHF vil ikkje motsetje seg framlegga til endringar på nordisk 200-nivå for sjette semester i lektorutdanningsprogrammet. PUHF ser likevel at vurderingsformene for lektorstudentane med to semesteroppgåver, ein munnleg eksamen og ei heimeoppgåve samla sett kan verte vel omfattande. Difor bed vi om at nordiskmiljøet i løpet av ein toårsperiode evaluerer bruken av desse vurderingsformene.

V

EVENTUELT

Endre Brunstad

Erna Synnøve
Kjensjord